

# RAPPORT FRÅ KUP-PROSJEKT

## TEKSTILKULTUR III

Prosjektet er eit samarbeide mellom Vestnorsk Kulturakademi og Museumssenteret i Hordaland. Målet var å teste eit praktisk-teoretisk studietilbod som gir høve til fordjuping i ein tradisjonell tekstilteknikk og som aktivt nyttar museet som kunnskapsformidlar og museumssamlingane som kunnskapskjelde.

Prosjektet vart avslutta i desember 2016.

Solveig Jordal,  
Osterøy museum/Museumssenteret i Hordaland  
9.1.2017

**Bakgrunnen** var Vestnorsk Kulturakademi og Osterøy museum sitt arbeide for å ta vare på og vidareformidle kulturarv, og særleg den tekstile kunnskapsarven. Osterøy museum arrangerte hausten 2014 ein nasjonal idedugnad om den tekstile kulturarven i krise. Møtet la m.a. grunnlag for dette prosjektet.

**Målet med prosjektet var å utvikle og teste ein modell som sikrar vidareføring av tradisjonell tekstilkunnskap i ein samarbeidsmodell Vestnorsk kulturakademi, tradisjonsberar og museum.**

## Gjennomføring

**Det vart planlagt gjennomført 1 semesters studie med 5 samlingar på 2 dagar. I utgangspunktet inviterte vi 2 studentar. Føresetnaden for deltaking var gjennomført Tekstilkultur I og II**

### REKRUTTERING AV STUDENTAR

Det vart invitert til deltaking i opplegget gjennom VKA sitt nettverk av tidlegare studentar. Med utgangspunkt i dei som melde seg valde vi å utvide studentgruppa til 4 studentar; Bente Dammen, Osterøy, Kari Kleven, Bergen, Liv Rumohr Selland, Granvin og Andrea Tebbehoff, Hønefoss. Desse hadde alle gjennomført Tekstilkultur I og II, hadde breid tekstilkunnskap og uttrykte sterkt motivasjon for deltaking og interesse for fordjuping.

Bakgrunnen for å endre antalet var erfaringane frå anna praktisk opplæring og ønske om aktiv deltaking og erfaringsutveksling mellom studentane.

Under førebuingane endra vi også antal samlingar frå 4 til 3, men med 3 studiedagar kvar gong for å få meir samanhengjande arbeidstid.

### STUDIEPROGRAM

Det vart utarbeidd følgjande studieprogram.

#### 1.samling 12-14.oktober - INTRODUKSJON OG OPPSTART

##### Læringsmål:

Kjennskap til oppstadveven si historie og bruk i Norge.

Lære å lage renning og setje opp renning til åkledelev

Reflektere over handlingsboren kunnskap og vidareføring av tradisjonskunnskap.

##### Forelesningar:

Handlingsboren kunnskap, læring, vidareføring - Atle Ove Martinussen

Dokumentasjon, rapportarbeide – Atle Ove Martinussen, Monika Ravnanger

Oppstadveven si historie og bruk i Norge – Marta Kløve Juuhl

**Praktisk arbeide:** Lage renning, renne til åklede, starte med vevig

**2. samling 10-12.november****PRAKTISK ARBEIDE - ÅKLEDTRADISJON I NORDHORDLAND****Læringsmål:**

Praktisk erfaring og læring

Kjennskap til åkledetradisjonen i Nordhordland; materialar, mønster, bruk

**Forelesning:** Åkledetradisjonen i Nordhordland – Marta Kløve Juuhl. Vi brukar museet sine samlingar som kunnskapskjelder, snakkar om, samanliknar og diskuterer det vi ser.

**Praktisk arbeide:** Veve åkleborder

**3.Samling****7.-9.desember. PRAKTISK ARBEIDE - EVALUERING****Læringsmål:**

Praktisk erfaring og læring

Kjennskap til symbolbruk i åkleda

Kjennskap til fargebruk, utvikling, endringar og lokale tradisjonar

**Forelesning:**

Åkletradisjonen; symbolbruk, mønster, lokale tradisjonar. Vi arbeider vidare med utgangspunkt i museet sine samlingar – Marta Kløve Juuhl

Naturfargar - Monika Ravnanger

**Praktisk arbeide:** Veve vidare åkleborder. Refleksjonar og samtaler underveis.

Evaluering – oppsummering og diskusjon i møte, med utgangspunkt i spørsmåla frå prosjektsøknaden.

**PENSUM/LESELISTE/TEORI:** Det vart laga forslag til leseliste. Denne vart fylt ut underveis når nokon fann aktuell litteratur.

Det var ikkje forelesningar kring littituren. Noko av dette har studentane vore gjennom på Tekstilkultur I og II og det var først og fremst erfaring frå den praktiske fordjupingsdelen vi ville oppnå i prosjektet.

Eit av måla var å nytta museumssamlingane aktivt som kjelde til kunnskap. Åklesamlinga på Osterøy museum vart gjort tilgjengeleg og brukt aktivt i undervisinga. Samlinga vart utgangspunkt for forelesninga.

**ORGANISERING**

**Prosjektleiing:** Museumssenteret i Hordaland v Solveig Jordal har vore ansvarleg for prosjektleiing og økonomi.

**Oppfølging, evaluering:** Det har vore løpende kontakt mellom Museumssenteret og Vestnorsk kulturakademi i forkant og under gjennomføring av prosjektet. Det meste har vore løyst pr telefon og epost. Det har difor vore endra litt på oppsett møteplan. Museet har vore i møte med Høgskulen i Bergen. Både

dagleg leiar ved VKA og HiB skulle vore til stades på evalueringsmøtet med studentane, men måtte melde forfall til møtet.

**Evalueringsmøtet** vart gjennomført under siste studiesamlinga. Studentane Bente Dammen, Liv Rumohr og Andrea Tebbehoff, Styreleiar ved VKA Atle Ove Martinussen deltok saman med Marta Kløve Juuhl, Monika Ravnanger og Solveig Jordal.

## KVA ERFARTE VI?

Målet var å få erfaringsgrunnlag for å seie noko om: antal semester, kor mange samlingar og kor ofte, undervisning teori, krav til eige arbeide/semesteroppgåve, eksamsform, tradisjonsberaren i undervisinga, antal tema i tilbodet.

- Eintydig konklusjon om at **studiet bør vera over to semester**. Det er for lita tid til øving og læring på eit semester. Timetal må tilpassast krav og rammer ansvarleg undervisningsinstitusjon har for poengjevande studie.
- Samlingar over tre dagar ser ut til å fungere bra. (Kortare er lite og lengre kan vera for lenge). Det er viktig at det ikkje er for lang tid mellom samlingane, men dette er også knytt til om korvidt studentane arbeider har eige arbeide heime.
- Det må vera **krav til eige arbeide** under eit slikt studie. Studentane bør definere ei problemstilling/felt dei vil fordjupe seg i og legg opp ein arbeidsplan og pensum etter dette – i samråd med fagansvarleg og tradisjonsberar.  
Det er ein føresetnad at studentane har tilgang til vev heime, eller kan kome til museet imellom samlingane for eige arbeide/øving. Museet bør vurdere om det kan lagast ei mindre utgåve av oppstadveven og om det kan vera vevar til sal/utlån.  
Studentane i praksis ha to vevnadar under arbeide og undervisninga må ta omsyn til dette.
- I eit studie vil det t.d. vera aktuelt å ha eit grunn som er felles for alle studentane og ein fri del der kvar student legg opp eige pensum knytt til sin problemstilling.
- Det må vera **forelesningar** også kring det teoretiske pensumet. I eit fast studie bør det vurderast også å gjera forelesningane, der museumssamlingane vert tolka, tilgjengeleg i skrifteleg form. Dette vil kunne verta ein viktig del av pensum.
- Det må også vurderast kor vidt **elektroniske hjelpemiddel** kan nyttast i undervisninga. (Opptak av praktisk instruksjon m.m. kan vera nyttig som hjelp i eige arbeide/Skypemøter o.a.)
- Praktiske ting kring studiesamlingane må vera lagt til rette slik at det fungerer godt; transport, overnatting og tilgang til undervisningslokalet på ettermiddag/kveld.
- Eksamens må sjølv sagt vera tilpassa dei krav som ansvarleg undervisningsinstitusjon har til eksamen, men bør vera knytt til det eigenarbeidet/semesteroppgåva studentane utfører.
- Eit slikt praktisk fordjupingsstudie må vera knytt til kunnskapen hjå ein tradisjonsberar og til aktiv bruk av museumssamlingane som kunnskapskjelder. Det

føreset eit nært samarbeide mellom tradisjonsberar og fagansvarleg i planlegging og gjennomføring.

- Det må vera stort rom for nyskaping på grunnlag av dei tradisjonelle teknikkane, men dette må vera basert på studentane sine kunnskapar i dei tradisjonelle teknikkane og materialane.
- Det er rimeleg å tenkje seg at ei utviding til fleire teknikkar kan samle masketeknikkar, broderi, m.m. og at studentane så har rom for å velge fordjuping innafor desse. Ei utviding av tilbodet bør også kan trekke inn fleire museumssamlingar. Det er eit spørsmål om kapasitet kor mange tema ein kan gjennomføre parallelt.

## **ENDRING I FORHOLD TIL SØKNAD**

Ved utforming av søknaden såg ein føre seg at studentane skulle få ta eksamen og at prosjektet skulle dekka avgift. Det var ikkje mogeleg å arrangere eksamen sidan studieplanen ikkje var formelt godkjend av HiB. Studentane fekk då tilskot til å dekke reise og opphold i samband med studiesamlingane, som ein kompensasjon for at dei ikkje får eksamen og studiepoeng.

Vi valde også å ta inn fire studentar i staden for to. Dette gav ei god studentgruppe der erfaringsutveksling vart ein viktig del og alle bidrog til læring.

VKA fekk ny dagleg leiar i førebuingsperioden og prosjektet vart forskyvd i tid for å få betre tid til rekruttering.

## **VEGEN VIDARE**

Prosjektet har gitt erfaringsgrunnlag som VKA tek med vidare i sitt arbeide med å skape nytt studietilbod innan praktisk tradisjonskunnskap. I 2016 kom ei endring i krav til høgskulestudier og vegen vidare for Tekstilkultur III vert ikkje slik vi såg føre oss i 2015. Styret ved VKA arbeider aktivt med nye planar for å tilpasse seg endringane og vurderer kva mogelegeheter det ligg for å vidareutvikle samarbeidet med musea for å nytte dei kunnskapskjeldene som ligg i museumssamlingane og hjå tilsette ved musea.

For museet har det vore ei lærerik erfaring i forhold til aktiv bruk av samlingane i samband med undervisning. Slik bruk heng nøye saman med museet sitt arbeide med prioritering i samlingane og prosjektet har gitt eit godt grunnlag for også for vidare samlingsutvikling.

Erfaringane er lett å overføre til undervisning innan andre teknikkar.